

Jamføring av gammalnorsk og gammalislandsks språk, talemålet

1. Skilnad mellom eldste islandsk og den norrøne normalen som er laga i moderne tid

- Tydingsskilnad mellom vokal nasalert i synkopetida og unasaert vokal: *hár* n. ‘hår’ : *hār* m. ’hai, fisk’ – berre i lang vokal.
- trykklette vokalar er *e* og *o* for seinare *i* og *u* (mellomsteg *i* og *o*). Uvisst om uttaleskilnad
- Enno tydingsskilnad på kort *æ* og *e* (så fall *æ* saman med *e*, **gæstr* > *gestr*)

2. Skilnad mellom 1300-talsislandsks og den moderne normalen, bygd på 1200-talsspråk

- Kort /ø/ og /ɔ/ <q> falne saman til /ø/.
- Lange vokalar. /a:/ <á> og /ɔ:/ <q> falne saman til /ɔ:/ <á>. (Likeins med dei nasale, men den nasale /ã:/ vart gjerne runda til /o:/ <ó>.)
- ó avrunda (delabialisert) til *æ* (seinare dift. >/ai/ i lag med opph. *æ*): *Móta* > *mæta*, vb.
- tendens til avrunding også av den korte ø, til *e*: *søfr* > *sefr*, *kømr* > *kemr*, m.m.
- *a*, *o* og *ø* forlengde føre *lf*, *lp*, *lm*: *hjálpa*, *sjálfr*, *hólmr*. Ofte forlengde former i utgåver.
- Vekslinga *vesa* - *vas* - *vóru* – *veret* utjamna til *-r-*.
- Mediopassiv *-z*, *-zt* (*-st*), eldre *-sk*: *dómask*, *kallask*.
- Ofte trykklett *-ð* for eldre *-t*: *húsið*

3. Skilnad mellom 12-1300-talsnorsk og normalen, som bygger på 1200-talsislandsks

- Gno. mista *h* i *hlutr*, *hlaupa*, *hrafñ*, *hross*, *hneisa*, m.fl., ikr. år 1000.
- Særleg trøndsk, i trykkstilling: Umakert *u*-omlyd føre ståande *u*: <*hafðu*>, pret. pl., <*staðum*>, dat. pl., <*allum*>, pron. dat. pl. (norm. *høfðu*, *støðum*, *ollum*). I trykklett stilling slik i all norsk: <*purfundum*> m. dat. pl. (norm. *burfundum*, <*burfondum*>), med unntak av eldste handskrifter. Utalen kan ha vori slik, men det kan også ha vori reine ”papirformer”.
- Vokalharmoni. I trykklett stilling vekslar *u* med *o* og *i* med *e*, avhengig av kvaliteten på rotvokalen. (Normalen har derimot alltid *i* og *u*, og eldste islandsk alltid *e* og *o*.) Høge vokalar gjev *i* og *u*, medan låge gjev *e* og *o*. Mindre gjennomført i sørvestnorsk.
 - Høge er: *i/í*, *y/y*, *u/ú*, *ei*, *ey*, *au*. (Ikkje absolutt høge, men i høve til dei andre.)
 - Låge er: *e/é*, *ø/ø*, *o/ó*, *á* og *æ*.
 - Unntak:
 - (kort) *a* og (kort) /ɔ/ <q> – gjev *e* og *u* i ending,
 - (kort) *æ* – gjev *i* og *o* i ending.
- Svekking av trykklett *a* etter lang staving, i trøndsk før 1300, seinare i austlandsk: *Høyra*, *kasta*, *innan* > *høyrae*, *kastæ*, *innæn*. Ikkje i (sør)vestlandsk. Seinare også andre vokalar.
- Svarabhaktivokal i konsonantsamband som *liggr* pres., *bókr* f. pl.: *-ar* Telemark – Oslofjorden, *-ur* Hardanger – Voss; elles *-er*, *-ær*. Islandsk får *-ur*, noko seinare enn norsk.
- Progressiv j-omlyd: *Hjalpa* vb., *hjarta* n., *stjarna* f., > *hjælpa*, *hjærta*, *stjærna*.
- Forenkla verbalbøyning:
 - *Ek kallaða* > *ek kallaðe*.
 - *Pit/pér kasteð*, *gereð* osb. (pres.) > *pit/pér kaster*, *gerer* osb.
- Ofte trykklett *-ð* for eldre *-t*: *húseð*
- Pronomenformer: *Vit*, *vér* > *mit*, *mér*.
- Søraustnorsk bevart *v* føre *r*: *vrangr*, *vreiðr*.
- Konsonantgr.: Trøndsk og austlandsk *mn* for *fn* (*namn*), *ft* for *pt* (*eftir*), *fs* for *ps* (*refsing*).
- Nektingspartikkel: Ofte *ú-* der islandsk og mest brukte normal har *ó-* (*úþorrf*).
- Bortfallen *v* sett inn att ved analogi: (*v*)*orðinn*, *vunninn*.
- Mykje (kort) *æ* i skrift, uvisst samsvar med utalen. Kan vanskeleg ha vori eige fonem; truleg komplementær distribusjon med *e*.